

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

64

Fylke:

Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Smillfjord.

Emne:

Død og begravelse

Bygdelag:

Y-Smillfjord

Oppskr. av:

Ole Selnes

Gard:

—

(adresse):

H. Langhelles veg 4,
Trondheim.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Johan O. Selnes. 70 år, bonde, Y-Smillfjord.

SVAR

1. Lattugla var et varsel som spådde ilt. Ein fegdafugl vart ho kalla.

Eller kjemmer ein til at når nokr uvanleg hende, spottte det for nokr". z. d. dersom hanen gol på ei uhøveleg tid. o. s. v.

2. Nei.

3. Nei.

4. "Rønkjerringar" kunne ha slike evne. Det var da berleg fimm- eller taterkjerringar som kunne slike kunster.

5. Nei, slikt kjemmer ein ikkje til her.

6. Ein mann skulle lage truskor til ei jente. Under dette arbeidet- utholings- var han uheldig og

rola for langt, slik at det bli hol på
skoer. "No e' enten a' hell' ho Marit
fag", sa han. Det høyrer og med til
soza at mammen døde ei kort stund
etter.

7. Nei, ein har ikkje høyrst noko
om det.

8. Nei.

9. Nei.

10. Det var nokså vanleg.

11. Presten snakka med den døde
pode sjulesong. Som oftast fekk
den sjuke nattverden.

1

12. Slektningane eller andre
som den døde ville tale med.

13. Dette var ikkje vanleg, men
det kunne hende det bli sagt
frå om kven som skulle "ta ut
liket". t. d.

14. I eldre tid vart det å do.
"han doa" - kunne ein høyre
"brukt av gamle folk til ca.
1940. . . ."

15. Ein kjende på pulsen. t. d.

16. Nei.

17. Nei, det med ryggen kjemmer ein ikkje til.

18. Begge deler kunne hende, men det var ikkje vanlig.

19. Det var ingen regel.

20. Ingen spesiell.

21. Nei.

22. Fikkje noko serleg. Kanskje hende det at klokka blei stansa.

23. Det blei gjort så snart ein varv det.

24. Liket blei lagt på ei fjøl-lik-fjola.

25. Nei.

26. Inga bestemt meining - ein som ligg som lik.

27. Ja, så snart liket var tatt opp.

28. Ja, ofte og innvil av sengkleida.

29. Ingen tradisjon om noko slikt.

30. Snarast råd - første døgnet.

4
31. Det var ingen bestemt, men nokon
i goenda som ville vere med og
hjelpe til.

32. Nei.

33. Ja.

34. Ja, det bli de.

35. Ja.

36. Ja, det bli vaska.

37. Nei, det kjemmer ein ikkje til.

38. Fle på liket.

39. Likklede eller sveip.

40. Nei, ein kjemmer ikkje nokk
slikt.

41. Ingen skikk her.

42. Nei, berre underklede.

43. Brudeskjorta og brudserken
blii grynnt og brukt som
liksveip.

44. Nei.

45. Nei, ingen regel.

46. Skor var det aldri tale om.

47. Nei.

48. Nei, likkledda var dei same for gamle og unge.

49. Nei.

50. Ein kjemner ikkje til slikt her.

51. Ein hugsar at likkledda var kjøpt kring 1920.

52. Nå blir likkledda alltid kjøpte, og er helst av ty.

53. Ja, det heiter soeip eller soep.

54. Nei, ein veit ikkje av noko slikt.

55. Nei.

56. Nei, ein kjemner ikkje til noko slikt.

57. Nei.

58. Ja, emne til kiste hadde ein liggjande. Ein høyrer og at det skulle vere beste sort furebordsterke og varige.

59. Ingen tradisjon om slikt.

60. Ja.

6. Em eller annan snikker i
grenda.

62. Kista var svart, Fargen blei
laga av limvatn og svartfarge.

63. Omkring åra 1915-1920 tok
kvite kister til å kome i bruk.

64. Nei, ingen opning i lokket.

65. Hovelspon var vanleg.

66. Helst Hovelspon.

67. Kista blir kjøpt, og ho er kvit.

68. Engenting blei lagt i kista.

69. Nei.

70. Nei.

71. Nei.

72. Nei.

73. Nei, emi kjemmer ikkje til noko
slikt.

74. Nei, det var ikkje vanleg.

75. Nei.

76. Kista stod helst på låven.

77. Nei.

78. Det var ikkje spørsmål om
noko pynting.

79. Har aldri vore brukt.

80 -

81. Det var visst ikkje brukt før,
men har av og til kinst i
seinare tid.

82. Ja, det var vanleg.

83. Lokket blei lagt på.

84. Var ikkje brukt her.

85. -

86. Fekkje før ved gravferda.

87. Nei.

88 - -

89. Ja, utvøren styr og sjau skulle
dit ikkje vere.

90. Nei, ikkje noko bestemt.

91. Nei.

92. Ingen regel for kva ein skulle
eller ikkje skulle gjere i dømetida.

93. Folk skulle vere kludde i svart, som forusten var fargen på staskleda.

94. Nei.

95. Nei.

96. Nei.

97. Nei.

98. Nei, ingen regel i så måte.

99. Gravøl var det vanlege før. Nå er begravelse rykje brukt.

100. Det vanlege var inne i stua. I varmt vær kunne det hende at liket gjekk i oppløysing, og i slike høve har det henda at ein har helst seg ut.

101. Nei.

102. Nei.

103. Før var det vanleg med lys på kistelokket.

104. Det var 2 lys.

105. Dei blei slakte.

106. Lysa blei ikkje borte føre kista.

107. -

108. -

109. Nei, det kjemmer ein ikkje til.

110. Her har ein ingen tradisjon om vakeretter.

111. -

112. Nei.

113. Nei.

114. Ja, det er det vanlige.

115. Etter 1945.

116. Før var det vanlig at ein mann heldt omvakt med song og bibelord. forresten på same måten som når presten var til stades.

117. Nei, ikkje som ein velt om.

118. -

119. Det var helst slektingar.

120. Dei næraste slektingane skulle vere på.

121. Det er ingen regel,

122. Ja, liket skulle berast med
fotenden først.

123. Nei.

124. Nei, ingen veit om orker slikt.

125. Det kunne hende.

126. Som oftast sette dei kista direkte
på køyretyget - vognen eller
sliden.

127. Fkkje i mams minne.

128. Nei, kvinnene var med til
kyrkjegarden så langt attende om
Rinn minnast

129. Nest alle var med.

130. -

131. Nei, slik har det vore før og.

132. Nei.

133. Nei.

134. Det er ikkje vanleg på dødsdager,
men vanleg på gravferdsdagene

135. Slektninger og grannar.

136. Nei.

137. —

138. Flaggja har vore lite i bruk her før 1945, og det var først etter 1945 at flagga kom til å bli vanlege. I denne tida har det vore vanlege å reise flagget på halv stong gravfjelds dager eller ei stund av dagen.

139. Nei. Før ca. 1932 var det vanleg å bruke båt når ein skulle til kyrkjegarden. I dei seinare åra har ein hatt hjelpe-kyrkjegard i grenda. Da har ein brukka hest til å køyre liket med.

140. Ein gjorde ikkje noko serleg.

141. Nei.

142. Nei.

143. Nei, slikt er ukjent her.

144. Ingen regel.

145. Sette kista på vogn eller sleden.

146. Gjorne svart, men ikkje serleg avgjerande.

147. Det hadde visst ingenting å seie.

148. Ja, ikkje serleg fort.

149. Her var det vanleg med kapp-roing.

150. Ingen bestemt.

151. Ingen regel.

152. Nei.

153. Ukjent her.

154. Ein har ikkje hørt om noko slikt.

155. Nei, det var inga meining om slikt.

156. Nei, ingen krakk var stilt fram, og det hadde lite å seie even som lyfta kista ned.

157. Nei.

158. —

159. Dei same som bar kista ut av heimen.

160. Nei.

161. Ja.

162. Lita vart ikkje borte rundt kyrkja.

163. Nei.

164. Ja.

165. Nei.

166. Nei.

167. Sidan 1898.

168. Nei.

169. Grava bli oppkasta i førevegen.

170. Nei, det var det ikkje.

171. Nei, men mennene i likfølget var med og kasta att grava.

172. Ingen bestemt tradisjon.

173. Ja, ein stokk bli sett ned på kista.

174. Dei sette ofte eit kors på grava

175. Ingen bestemte dager.

176. Fkkje før i tida.

177. Ingen tradisjon herifrå.

178. Nei.

179. Ein veit om at enkelte ikkje blei lagt i vigsla jord.

180. Så vidt ein veit har dei alltid blitt lagt på kyrkjegarden.

181. -

182. Gravøl eller begravelse.
Det siste tek til å bli mest nytta nå.

183. Det var ein mann, men her var ingen fast «gravølsbear».

184. Nei, det var det same.

185. Nei.

186. Ingen regel.

187. Inga utomlest lekse.

188. Ja, ofte var det bydd mat.

189. Nei.

190. Gravølet vart i 2-3 dagar.
Sendingane - beiningane - vart sende kvelden før gravferdsdagen.
Det var samlingskvelden.
Så var det som regel 2 dagar til før gjestene skildes.

191. Gravferdsdagen var det 4 mål-tider. Det var sunkest først, og før det bars til kyrkjegarden var det "saltmat", helst fisk.

Her var det ca. 12-15 km. sjøveg til gravplassen i gammel tid.

Gravferdsfolket fekk difor mat-kaffe - i kyrkjebygda før dei tok på heimveg.

Heimkomsten frå kyrkjegarden var det middag, helst kjøtt. Til kveld var det smørbrød.

192. Nei.

193. Nei.

194. Ja, under sjølve gravålet.

195. Nei.

196. Langvegsfarande kom samlingsskuelden, og var da til slutt.

Folket i gronda, som hadde nær gravplassen, gjekk med leisingane og samlingsskuelden.

Dei gjekk heim att etter å ha fått traktering.

197. Det var kvinnene som kom med leisingane. Men dei hadde ingen serleg syngjadrakt.

198. Ja.

199. Smørret skulle vere i form.

200. Nei, det kjemmer ein ikkje til.

201. Noko serleg overgangsform kan ein ikkje tale om.

Lengda på gravplet var ikkje den same i alle høve i eldre tid heller. Her var det skilnad på t.d. bonde og husmann, fattig og rik. Nå er det vanleg med ein dag, samlingskvelden og smøre dagen blir ofte sløyfa. Likeeins kjem beiningane meir og meir bort.

I staden for smør og ost, mjølk og fløyte, blir det nå ofte teke med ei blautkake.

202. Inger alkohol.

203. Nei, det er det same som ved bryllaup.

204. Nei, det kan ein ikkje seie.

Sendingar i gravålet var mest alltid frå slike som sjølv var med i gravferda. Ein kunne ofte ha både beiningar og krans.

205. For ca. 40-45 år sia var kransane i bruk, d. v. s. ca. 1915-20.

206. Dei var mest alltid komme frå eit kransbinderi.

207. Silketand med påskrift har alltid vore i bruk.

208. Ja.

209. Kransane ligg på gravstaden,
eller dei vart hengte inn i eit
skinn.

210 Nei, alkohol er ikkje nytta
gravferdsleg.

Det vanleg er vel at gjestene får
frokost før dei reiser til gravplassen,
og middag når dei kjem att.

Rettvis er det kaffe med blautkaker,
og til slutt kveldsmat.

211. Nei, det er ikkje brukeleg her.

212. Frå ca. 1940 har det vore
nokså vanleg.